



Natås Barnehage Sa
Sævråsvegen 250
5957 MYKING

Referanser:
Dykker:
Vår: 17/1728 - 18/18697

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
12.06.2018

Rapport frå tilsyn i Natås barnehage 07.06.2018

Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Natås barnehage der temaet var, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst.*

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova og forskrift. Under kapittel *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk og Kommunikasjon, språk og tekst* i Rammeplanen, kjem det tydeleg fram kva barnehagen skal leggje til rette for i arbeidet med språk og kommunikasjon. Med utgangspunkt i dette har tilsynsmynde gjennomført tilsynet i Natås barnehage.

Før tilsynet vart gjennomført ba rådmannen om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon i høve til tema språk og kommunikasjon.
- Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.
- Kompetanseplanar.

Formålet med tilsyn/rettslege krav

§ 16. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.

Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller Godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten.

Kommunens stettingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.

I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt. Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn. I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 08.05.2018 og som var gjennomført 07.06.2018.

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det er også gjennomført synfaring i barnehagen og intervju / samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personer som mynde hadde samtale med under tilsynet :

Namn	Stilling
Veronica Oppedal	Fagarbeidar
Camilla Fjeldsbø Kvamme	Foreldre representant
Sarah Presthus	Pedagogisk leiar
Kristin Bredholt	Styrar
Elin Kaspara Lie	Eigarrepresentant

Tilsynet vart gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Rita Valdersens Amundsen, Radøy kommune.

Våre vurderingar

I tilsynsbesøket møtte tilsynsmyde representantar frå dei ulike yrkesgruppene i barnehagen. Mynde hadde også samtale med foreldrerepresentant. Gjennom samtalane fekk mynde oversikt over korleis det vert arbeidd med tema språk og kommunikasjon i barnehagen, og kva kompetanse som er i barnehagen. Mynde fekk og informasjon om korleis foreldre vurderer barnehagen.

Foreldrerepresentanten var kjend med språkarbeidet i barnehagen. Ho kunne fortelje om besøk av bokbussen, og om språkgrupper i barnehagen. Barnehagen jobba mykje med språk t.d. ved å lese bøker, bruk av rim og regler, og ikkje minst ved å bruke språket aktivt i kvardagssituasjonar. Foreldre får informasjon om språkarbeidet i månadsbreva.

Foreldrerepresentanten var godt nøgd med barnehagen. Ho hadde heller ikkje fått negative tilbakemeldingar frå andre foreldre. Terskelen til å ta opp ting var låg, så ho. Representanten hadde eit ønskje i høve til praktiske rutinar som kunne verte betre. Dette var rutinar knytt til å ta heim alle klede kvar helg. Ho var spørjande til om dette er nødvendig? Det var og eit ønskje om at vegen inn til barnehagen burde vore asfaltert. Grusvegen støva mykje, og ho var bekymra for alt støvet barna kunne puste inn.

I Natås barnehage er det stort fokus på språkarbeid. Barnehagen har nettopp gjennomført DUÅ-opplæringa, og alle snakka varmt om den kompetansen heile personalet hadde fått. Gjennom samtale med dei tilsette kom det tydeleg fram at dei såg samanheng mellom språk og DUÅ. Gjennom coaching brukar

me språket heile tida, sa dei. Kvardagen i Natås barnehage er prega av språk. Dei har språkgrupper og leikegrupper, og dei er bevisste på å gjere daglege situasjonar som t.d måltid til gode språkarena. Tilsette har tatt del i kursinga *Nynorsk lesefrø* frå biblioteket, og dei la vekt på å ha bøker på begge målføre. For å sikre god overgang mellom avdelingane har barnehagen rutinar for at ein vaksne føl dei minste over til stor avdeling.

På begge avdelingane vert det arbeidd målretta med språk, tilpassa alder:

- Mykje språk i daglege situasjonar, «badar» barna i språk
- Ulike språkgrupper
- Såg DUÅ og språk som to sider av same sak
- Leikegrupper
- Rim, regler, song, lesing
- Nyttar «Alle med» og Tras
- Nyttar mykje forteljing, også fantasiforteljing
- Legg til rette for leikeskriving
- Har kjøpt nettrett
- Nyttar *Språksprell*, *Språkkiste*, *Språkleikar*

Det er høg kompetanse i Natås barnehage. Alle dei fast tilsette er anten pedagogar eller fagarbeidarar. Dette framheva dei tilsette som ein styrke. Styrerrepresentanten hadde fokus på kor viktig det er å leggje til rette for kompetanseheving i heile personalgruppa. Mynde opplevde at det var stor tillit mellom styrar og styret.

I samtale med dei tilsette kom det fram nokre område dei ønskjer å ha fokus på framover.

- Starte med språkløyper frå hausten
- Jobbe enno betre med DUÅ-strategiplanar, særleg evaluering av desse
- Ta i bruk logg i språkarbeidet
- Ta i bruk minoritetshandboka
- I den nye årsplanen ønskjer personalet å vise tydeleg samanheng mellom DUÅ og språkarbeidet. Sjå dette i samanheng med implemtering av rammeplan

Konklusjon

Natås barnehage oppfyller krava i Rammeplanen i høve til arbeidet med språk, tekst og kommunikasjon.

Samsvar med Barnehagelova

Tilsynsmynde har i tilsyn med Natås barnehage ikkje avdekka lovbroter.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Natås Barnehage Sa

Sævråsvegen 250 5957

MYKING